

Forskrift om nedsett konsesjonsgrense etter konsesjonslova § 7, Dovre kommune, Innlandet (forslag)

Fastsett av Dovre kommunestyre [dato], med heimel i lov 28. november 2003 nr. 98 om konsesjon for erverv av fast eigedom (konsesjonslova) § 7.

§ 1 Nedsett konsesjonsgrense for ubebygd tomt

Konsesjonsfridomen etter konsesjonslova § 4 første ledd nr. 2 vert sett ut av kraft for Dovre kommune for ubebygd tomt som er regulert til bustadføremaal.

§ 2 Nedsett konsesjonsgrense for bebygd eigedom

Konsesjonsfridomen etter konsesjonslova § 4 første ledd nr. 4 vert sett ut av kraft for Dovre kommune for:

- Bebygd eigedom som er eller har vore i bruk som heilårsbustad
- Eigedom med bebyggelse som ikkje er teke i bruk som heilårsbustad, herunder eigedom med bebyggelse under oppføring, i område som i reguleringsplan etter plan- og bygningslova er regulert til bustadføremaal.

§ 3 Slektskap

Konsesjonsfridomen etter konsesjonslova § 5 første ledd nr. 1 blir sett ut av kraft for Dovre kommune for eigedomar som gjeld § 1 og § 2 i denne forskrifta.

§ 4 Upersonleg buplikt

For eigedomar som er omfatta av § 2 og § 3 i denne forskrifta, er buplikta upersonleg.

Buplikta er oppfylt når eigedomen blir nytta som heilårsbustad, og ein eller fleire personar er registrerte som busette på eigedomen i Folkeregisteret.

Buplikta kan oppfyllest ved at eigedomen blir leigd ut til heilårs busetnad.

§ 5 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks, og samtidig blir forskrift 07. mai 2010 nr. 672 om nedsett konsesjonsgrense for Dovre kommune oppheva.